

INFORMASJON TIL JEGERANE I

BRATTEFJELL-VINDEGGEN VILLREINOMRÅDE 2023

GENERELT.

Fellingskvote: 100 dyr, fordelt på 50 % bukk 21/2 år og eldre, 25 % simle/ungdyr og 25 % kalv. **Bukkehorta er skrive ut som valgfrie dyr, men det er frå utvalet si side og villreinemnda ein føresetnad at det er berre bukk eldre enn 2,5 år som kan fellast på dei korta. Oppsynet er informert.**

Jakttid: 20. august – 30. september og det er ikkje søkt om utvida jakttid.

Kontrollkort

Før jakta tek til skal kortutskrivnar fylle ut og underskrive kvart kort. Er det fleire jegerar på same kortet er hovudregelen at alle jegerane skal skrive namnet sitt på kortet. Eller så kan den som har hovudansvaret for kortet, (jaktleiar), skrive under som jeger og i tillegg skrive m/fleire. Eks. NN m/fleire. Då skal i tillegg jegerane sine namn vere ført opp på ei liste, der det går fram at det er eit etablera jaktlag. Alle i jaktlaget skal ha kopi av lista. Jaktlaget må opptre samla slik at dei har kommunikasjon seg i mellom. Jaktlaget er ansvarleg for at det ikkje vert felt fleir dyr enn dei har løyve til.

NB! Kortet skal vere utfyllt og undertegna av valdansvarleg og av jeger/jaktleiar når jakta startar. Brot på dette vil bli rapportert av oppsynet.

Fredningskorridorar/jaktfri sone

Ordninga med fredningskorridorar held fram. Det er 2 områder. Svartdalsheiane og eit større område i Hjartdal. Områda heng saman og strekker seg frå Svartdalsheiane, Flottin og på sørsida av Kovvatnet. Her skal det ikkje jaktast, men med unntak for dei som har kort tildela på eigedomane som ligg i fredningskorridorane. Fellingsløyvet/kortet skal berre brukast/jaktast på den eigedomen løyvet/kortet har utgangspunkt i. Sjå kart med info.

Tidsbegrensing

Ikkje nattefreding.

Kjeveinnsamling og vekter på kalv

Det skal samlast inn kjevar og vekter på kalv. Med kvart kalvekort fylgjer det med ei koffertvekt. Veg dyret - **slaktevekt** - før du skjer vekk eventuelle skotskader. Nøyaktig vekt på simlekalvane er eit viktig måleparameter i høve til kvalitetsnormen. Reingjer kjevane, tørkast og leverast i kassar på fylgjande stadar: Seljord: Nutheim (Einarjuvhølet) Tuddal: Reisjåbrekka og Stuverud Hjartdal: ved betalingsbommen i Hjartdal (Vegen til Skjessvatn-Hundemyr) Tinn: Skinnarbu og Krokan. For nøyaktig posisjon sjå kart på heimsida: brattefjell-vindeggen.no. **NB!** I kvar kasse er det lappar som skal fyllast ut. Fest lappen på kjeven.

Meir om vekter

For å kunne betre fylgje med på utviklinga/tilstanden i villreinbestanden er det viktig å få sikre tal på vektene. Alle bør ha med seg ei vekt td. koffertvekt (kostar ca 70 kr) for å ta nøyaktige vekter på felte dyr.

Denne avtala gjeld bruk av jaktlag under villreinjakta i BV hausten 2023 og er inngått for det spesifiserte jaktlag og grunneigar.

Namn på jegerar i jaktlaget **Kontrollnr. på disponible fellingsløyver**

Avtala gjeld fylgjande jaktområde:

Grunneigar

Jaktleiar.

Alle jegerar på jaktlaget må ha med seg kopi av denne avtala ved jakt og vise ho fram ved kontroll. (Det er naudsynt med kommunikasjon mellom jegerane dersom avtala skal fungere).

Viktig!!
ALLE KORT SKAL VERA LEVERT TILBAKE INNAN 5 DAGAR ETTER JAKTSLUTT!!

Prøvetaking i samband med CWD

Prøvetakinga held fram på all felt villrein 1 år og eldre.

Vedlagt følger utstyr og info. Infoen er sær bra. Er du usikker på korleis du tek prøvene – **skann QR-kode for å sjå video. Eit tips – sjekk det før du står bøygd over dyret i dritvær.**

NB! Ubrukt prøvetakingsutstyr må de ta vare på. Det kostar ein god del å produsere og det kan brukast neste år.

GPS-merka dyr

Det er 3 simler og 1 bukk som er merka dvs har halsband med ein GPS-sendar. Dei merka dyra er sjølvsagt **FREDA**. I løpet av prosjektperioden vil desse dyra kunne gje oss svar på korleis dei brukar omådet gjennom året. I av simlene har gul klave. Dei andre er kvite og kan vere litt vanskeleg å sjå. Bukken har orange klave. Merkeprosjektet kostar mykje og det er ein stipulert kostnad pr. dyr på ca kr. 60 000.

Rapportering og utfylling av kontrollkort

All rapportering skal gå via appen Sett og skutt eller på www.hjorteviltregisteret.no. Gjer registreringa snarast råd etter at dyret er felt. Hugs nøyaktig vekt.

Etter at eit dyr er felt skal kontrollkortet delast, og det skal skjerast hakk i kortet for dei naudsynnte data. For statistikk må fellingsstad og slaktevekt skrivas på kortet. Fest kortet til dyret som er felt. Felt dyr skal vera merka før transport eller før jegeren forlet dyret over natta. Det er kjøttappen som fylgjer kjøttet. Dersom kjøttet vert transportert etappevis, skal hovuddelen fylgje jegeren. Sjå også info på baksida av kontrollkortet.

NB! Alle kontrollkort skal leverast attende til kortutskrivar - villreinutvalget seinast 5 dagar etter jaktslutt.

• Våpen og ammunisjon.

Skyt alltid våpnet inn med sam

me ammunisjon som du brukar på jakt. Bruk bare godkjent ammunisjon til jakt. Hugs alle tryggleiksreglar for handsaming, transport og oppbevaring av våpen og ammunisjon. Legg aldri frå deg eit våpen med ammunisjon i. **Hugs bevis for skyteprøve, jegeravgift, våpenkort og avtale dersom du låner våpen.**

• Ettersøk skadd vilt.

Er ein uheldig og får skadeskyting pliktar å gjere det ein kan for å få avliva dyret snarast mogeleg. Eit kvart skot som vert løyst mot hjortevilt, skal sjåast på som treff og jeger skal føreta undersøking i området dersom dyret ikkje fell for skotet. Meld frå til eventuelle andre jegarar i området og sjølvsagt oppsynet.

Det er ein kvar jeger si plikt å sørge for ei rask og effektiv avlving for at dyret skal unngå unødige lidning. Jeger og jaktlag har **ETTERSØKSPLIKT OG ETTERSØKSANSVAR**.

• Avlving av skada vilt / transport.

Avlving av skada rein der ein nyttar eige kontrollkort skal handsamast som vanleg felling. Vilåret for å ta dyret på eigen kvote er at ein har fellingsløyve for denne type dyr (rett kjønn og alder), og at fellingsløyvet er gyldig på det valdet der det skada dyret er avliva. Avliva rein som ein ikkje vil / kan ta på eigen kvote skal gjerast opp slik at kjøtet ikkje tek skade. Ein skal deretter gje melding til oppsyn/politi. Her kan ein og gje melding til Oppsynssentralen på Skinnarbu som formidlar kontakt vidare. Telefon nr. 81532450.

Transport av avliva vilt som ikkje vert teken på kvota kan berre føregå **ETTER** at det er gjeve melding / gjort avtale med oppsynet og / eller politiet.

• Oppsyn – tlf 815 32 450.

Kontrollen av villreinjakta vert utført av SNO og lokalt politi. Oppsynet fører kontroll med alt offentleg regelverk innan villreinområdet. Grunneigar kan sjølv føre tilsyn med privatrettslege tilhøve på sin eigedom. Oppsynet vil og svare på spørsmål og rettleie jegerane.

§ 37. Plikt til å la seg kontrollere (Forskrift om utøvelse av jakt og fangst av 22. mars 2002)

«Enhver som utøver jakt eller fangst etter denne forskrift, plikter å la seg kontrollere av politiet, Statens naturoppsyn eller av lokalt jaktoppsyn som er godkjent av det statlige naturoppsynet eller har begrenset politimyndighet. Kommunen og villreinnemda kan sørge for kontroll av felte dyr. Ved jakt etter villrein kan villreinnemda også sørge for kontroll med kontrollkort for villrein og eventuell skriftlig fellesjaktavtale.»

• Jaktmoral.

Ikkje skyt på dyr i fart. Vær sikker på at skyteavstanden ikkje er over 100 til 150 m. Det er ofte desse to faktorane som fører til skadeskyting. Vær sikker på at du skyt på rett dyr.

Dersom dyra er urolege og står tett saman skal du vurdere situasjonen svært nøye før du skyt. Ikkje la jaktlyst styre avtrekket. Tenk heller på å utøve ei sikker og human jakt.

HUGS! LØYST SKOT MOT VILT ER TREFF INNTIL DET MOTSETTE ER BEVIST.

• Jakt på andre felt

Nytt i år er at det er berre mellom villreinlaga i Tinn og Vinje at det er samarbeid over kommunegrensene.

Samarbeidet går ut på at grensene er opne på mandag - torsdag etter fyrste heile veke av jakta.

Fellingstillatelsen er ellers bare gyldig i det godkjente jaktfelt den er skriven ut for.

• Spesielt for kvart felt

Hjartdal villreinlag.

Jegarane må halde seg på eigen grunn dei 3 fyrste dagane av jakta.

Leiar for laget er Gudmund Dyrland tlf. 92851214

Vinje/Rauland villreinlag.

Samarbeid med Tinn (sjå over)

Leiar for laget er Egil Fundli tlf. 91172437

Tinn utmarkslag.

Samarbeid med Vinje (sjå over).

Leiar for laget er Håvard Vågen tlf. 47289845.

Seljord – BV1 OG BV2.

Det er avtale mellom BV1 og BV2 om samarbeid som går ut på at grensene er opne på måndag – torsdag etter den fyrste helga.

Leiar i BV1er Espen Dyrud tlf. 90942611. Leiar i BV2 er Christopher Mackrill tlf 97559361

Kart: Oppdatert kart ligg på heimesida og facebook.

Du finn meir informasjon om BV på nettet: [Brattefjell - Vindeggen.no](http://Brattefjell-Vindeggen.no). Der kan denne foldaren også lastast ned. Følg oss også på facebook.

Til slutt ber vi alle som jaktar i BV lese nøye gjennom informasjonen og fyller ut kontrollkorta fullstendig. **Kontrollkortet skal leverast attende til leiaren av villreinlaget innan 5 dagar etter jaktslutt.** Dette gjeld også ubrukte kort.

Leiar i Brattefjell – Vindeggen villrein- og utmarksutval: Gudmund Dyrland tlf. 92851214

GOD JAKT.

E-post: brattefjell.vindeggen@gmail.com